

MITT BARNDOMS RIKE

Gudrun Stien

Mitt bu min heim, min keisardom, mitt rike her på jord.....

Eg vart født i 1936 og vaks opp på garden Eikefet som den yngste av fem sysken. No vil eg ta fram nokre minne etter barndomen der.

Det var eit gamalt hus me budde i. Stova var kjempestor, og på gang- og kjøkken-golv låg store steinheller. På kjøkkenet var der ei stor open grue med skjeringar. Så var der eit trappetrinn opp før me gjekk inn i stova. Eg var i elleveårs-saderen då dei reiv ned alt mellom dei to stovene og bygde nytt.

I floren hadde me kyr og kalvar, sauer, grisar og ein hest, ho Stella! Eg likte godt å vera med mor og far i floren. Eg hugsar nyfødde kalvar og lam og alt ståket rundt dei. Me hadde florslykt som vart hengt oppunder taket, så der var ikkje mykje lys der i «krædna». Me fekk elektrisk lys i 1948.

Så hadde me hunden Sonja. Han vart mykje med-dulla og me hadde han i mange år. Han var som oftast med far i skogen om vintrane. Men ein kveld dei kom heimatt, var hunden sjuk. Han la seg bortmed omnen og der sovna han inn. Far meinte han hadde funne revegift og ete i seg. Me gjekk lenge og syrgde over hunden, for han høyrde til i huset.

Eg hugsar at eg lika å dilta etter han far. Han var så tålmodig med oss og så hadde han så mykje arbeid som var interessant for oss ungane. Han hadde skomaskin som han lappa skorne våre på. Han laga store lastebilar med tipp til meg og syster mi. Då fekk me mange travle dagar med køyring av leire og lange vegar som me grusa ofte. Dette var i utmarka. Me fann tre fulle leirtak, så me gjekk ikkje tom for masse!

Me var ofte med far på saga når han saga tømmer. Det låg eit stort vatn eit sykke oppfor saga, og det var spennande når han drog i ein streng så det opna seg ei luke der oppe og vatnet kom nedover. Der var eit slåk som vatnet kom i og ned på kvernkallen, som dreiv saga. Me fann på mykje rundt om der med hammar, spikar og sag. Eg har enno merke etter ein gong eg saga meg heilt på beinet i ein fing.

Far laga river, sigdar og ljåskaft. Han laga også trebøtter til sauene, og til støls- bruk laga han ryggjabytte og koller. Så laga han kiper. Eg veit eg fekk ei lita kipe som eg skulle bera høy til sauene i. Me hadde sauer i fleire uthus, og eg kan tenkja meg me gjekk like mykje i vegen for dei vaksne, men me høyrde aldri dei sa det.



Gamletunet på Eikefetet oml. 1970

Foto: Harry Lamo

Nedanfor husa var ein bekk på nokre hundre meter som kom frå vatnet ovanfor. Denne bekken gjekk i småstryk og hølar før han rakk ut i elva Ekso. Der var me mykje både sommar og vinter. Den eine hølen heitte «Tausahølen» og ein heitte «Karahølen» eller «Djuphølen». Namna seier seg sjølve. På middagskvilda heime var me ungane snare om å springa til bekken for å bada om somrane. Elles fiska me med ei raunepiska med makk.

Så kom den dagen i 1942 dei fortalde meg at no skulle eg snart byrja på skulen. Å hu og hei kor eg kvidde meg, dette ville eg ikkje! Det var vel tre kilometer til Myster. Syster mi, som var 2 ? år eldre enn eg, skulle fylgja meg den fyrste dagen. Det var trygt og godt heime, så dette vart ei oppleving eg aldri gløymer. Syster mi laut vera ute på plassen heile timane, så eg såg ho heile tida. Men dette vart ho lei av, og endå måtte ho fylgja meg ein dag til og. Me hadde så snill ein lærar at det røynde ikkje på.

Me rodde over elva og gjekk bilvegen nedover. Der budde syskenbarnet mitt, som var jamgammal med meg. Det vart tre år eg fekk gå på skulen med henne til ho flytta til Dale. Når ikkje isen var trygg på elva, måtte eg gå ein annan veg. Langsmed elva ned til Myster, opp på «Garden» og bakkane bort til skulen. Då var det mørkt når me gjekk om morgonen og når me kom heimatt.

Syster mi og eg gjekk ilag annakvart år. Eg hugsa ein sein haustdag. Eg var

komen over halvvegen heim langs elva, men då gjekk elva så stor at eg måtte snu forbi skulen att og oppover «storevegen» langt forbi der eg såg heimatt, over ei hegebru og så heim.

Det var ikkje noko som heitte langbukser den tid, så om snøen låg djup, måtte me gå i kjole og gummistøvlar. Det var mykje skrik når støvlane skulle av, stivfrosne og fulle av snø. Men i stova dura det i omnen, så me tinte oss snart oppatt.

Om vårane kom det «geitefolk» frå Brekkhus og vart verande ein til to månader med omlag 120 geiter. Me fylgde godt med i prosessen med ostelaging. Dei pakka osten ned i store kassar og sende med dampen til byen.

Det var på den tid eg lærde meg å mjølka, rundt tolvårsalderen. Då eg var tolv år, fekk eg vera med dei på Brakestadstølen heile sommaren. Dei hadde born frå to til ti år. Det var ei fin tid.

Om somrane kom det mykje byfolk til oss, heile familiar, og var der i feriane sine. Då vart det fleire å leika med, og det var moro. Kanskje ikkje så moro for ho mor, som stod for all matlaginga!

Utpå ettersommaren då eg var heilt lita, var eg med mor og far på utslått langt heimefrå. Det eg hugsa best, var at då me hadde ete nista vår, heldt eg meg ved eit vatn og vaska koppar og kar i timevis.

Då krigen kom, var eg fire år, så det hugsa eg ikkje. Men eg hørde ofte mor klaga over stygg kaffi og mjøl med fliser i. Tyskarane såg eg aldri, men eg forsto at dei var ikkje venlegsinna.

Slik gjekk dei åra, og eg trudde at verda skulle så vera, med rasjoneringskort på mest alt me kjøpte. Men eg hugsa godt den dagen freden kom og kor glade mor og far vart då.

Me såg fram til julafta. Det vart lenge å venta før mor endeleg bar rokken or stova. På juletreet hadde me små levande stearinlys, så me fekk ikkje kveikja dei før mor og far endeleg kom or floren.

Det var pinnakjøtt om kvelden og gåver til alle. Så gjekk me rundt treet og song julesongar.

Sokkane vart hengde på sengestokken om kvelden, og nissen var trufast kvar gong, så me trudde på nissen lenge!

Til slutt vil eg ta med bygdasongen for Eidsland, som ein av lærarane mine har dikta.